



2016

ÅRSMELDING 2016
KONTROLLUTVALET I HJELMELAND



Rogaland
Kontrollutvalgssekretariat

Årsmelding 2016

Kontrollutvalet i Hjelmeland

Innhold:

Innleiing

Måloppnåing 2016

Kontrollutvalet sitt arbeid i 2015

Tilsyn med forvaltninga

Rekneskap og revisjon

Kontrollutvalet sitt budsjett og rekneskap

Nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Forvaltningsrevisjon

Selskapskontroll

Anna

Konklusjon

Organisering

Medlemmer i kontrollutvalet

Administrasjon mv.

Innleiing

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ, som på vegne av kommunestyret skal føra tilsyn med den kommunale forvaltninga, både administrativt og politisk. Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, og har derfor ikkje tilsynsansvar for kommunestyret.

Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret. Det skjer ved at rapportar mv. vert sendt rett til kommunestyret med innstilling frå kontrollutvalet. Årsmeldinga skal gje ei samla oversikt over aktiviteten i året som gjekk.

Måloppnåing 2016

Kontrollutvalet sitt arbeid i 2016

Kontrollutvalet har i 2016 hatt 4 møter og det er behandla i alt 33 saker. I tillegg kjem referat og meldingssaker.

Tilsyn med forvaltninga

Som eit ledd i kontrollutvalet sitt tilsyn med forvaltninga har kontrollutvalet invitert administrative leiarar til å orientere kontrollutvalet i aktuelle saker eller om sitt ansvarsområde.

Desse har orientert i 2016:

- 11.03.16** Skatteoppkrevjar Aslaug Kolstø orienterte om skatterekneskapen 2015 med kontrollbrev.
- 20.05.16** Rådmann og økonomisjef orientere om årsrekneskap og årsmelding for 2015.
- 16.09.16** Økonomisjef Eli Aspen orienterte om sitt ansvarsområde.
- 11.11.16** Rådmann Dag Flackè og økonomisjef Eli Aspen orienterte om foreløpig regnskap 2016 og budsjettforslag 2017.

Rekneskap og revisjon

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet er derfor blitt orientert om revisors planar for revisjonsåret 2016. I tillegg er rapportar om resultatet av revisjonsarbeidet behandla i kontrollutvalet. Oppdragsansvarleg revisor har vidare gitt eigenklæring om uavhengigheit til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt budsjett og rekneskap

Kontrollutvalet har i tråd med forskrift utarbeidd forslag til budsjett for kontroll og tilsyn for 2017. Kontrollutvalet sitt budsjettforslag kan bare endrast av kontrollutvalet sjølv, eller i den politiske behandlinga i formannskapet og kommunestyret. Budsjettet til selskapa som kommunen kjøper tenester frå, vert fastsett av selskapa sitt styre/representantskap. Kontrollutvalet har i løpet av året behandla tertialvise rekneskapsrapportar for eige budsjettområde for å følgja opp sitt budsjettansvar

Kontrollutvalet opptrer på vegne av og er direkte underordna kommunestyret. Kontrollutvalets budsjettforslag vert derfor sendt kommunen for framlegging i kommunestyret saman med kommunen sitt samla budsjettforslag.

Nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Hovudfokuset for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i 2016 var arbeidet med å utarbeida nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontrollar for perioden 2017 – 2020. Planane byggjer på overordna analyser, som vart levert frå revisor. I løpet av våren hadde kontrollutvalet møte med sentrale politikarar og med administrasjonen for å få innspel til planane. Planane er ferdigbehandla i

kontrollutvalet og vedtatt av kommunestyret.

Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i samsvar med vedteken plan og innanfor vedtekne budsjetttrammer. Når kontrollutvalet har behandla rapport om forvaltningsrevisjon vert denne send over til kommunestyret for sluttbehandling. Kontrollutvalet følgjer opp rapportar i tråd med kommunestyret sitt vedtak. Når oppfølginga er gjennomført sender kontrollutvalet melding til kommunestyret om oppfølginga.

Kontrollutvalet behandla i 2016 følgjande kombinerte forvaltningsrevisjon/obligatorisk eigarskapskontroll:

- ✓ Eigarskapsforvaltning i Hjelmeland

Sjå «Selskapskontrollar» under.

Kontrollutvalet har i 2016 bestilt følgjande forvaltningsrevisjon for gjennomføring i 2017

- ✓ Innkjøp

Selskapskontroll

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. (selskapskontroll) i samsvar med vedteken plan for selskapskontroll og innfor vedtekne budsjetttrammer. Kontrollutvalet må gjennomføra ein selskapskontroll retta mot kommunen sitt system for oppfølging av eigarskapa i selskap. Denne rapporten vart behandla i desember 2016.

Når kontrollutvalet har behandla rapport om selskapskontroll vert denne send over til kommunestyret for sluttbehandling. Kontrollutvalet følgjer og opp rapportar om selskapskontrollar i tråd med kommunestyret sitt vedtak. Når oppfølginga er gjennomført sender kontrollutvalet melding til kommunestyret om oppfølginga.

Kontrollutvalet behandla i 2016 følgjande kombinerte forvaltningsrevisjon/obligatorisk eigarskapskontroll:

- ✓ Eigarskapsforvaltning i Hjelmeland

Hovudfunn i rapporten:

Kommunen bør bestemma kor ofte eigarskapsmeldinga skal reviderast, klargjera overordna eigarstrategiar og ha eit årleg fast eigarmøte i kommunestyret. I tillegg bør kommunen ha tiltak for opplæring og informasjon om eigarstyring og selskapsleiing for dei folkevalde i kommunen. Då kommunen er ein liten eigar i mange selskap, kan dette godt gjerast i samband med eigarmøte i kommunestyret. Revisor ser føre seg at oppfølging av anbefalingane kan gjerast så enkelt og praktisk som råd.

Kontrollutvalet har følgd opp denne selskapskontrollen i 2016:

- ✓ Selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Lyse Energi AS

Kontrollutvalet sender melding om oppfølging av rapportar til kommunestyret.

Anna

Som eit ledd i kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret, har kontrollutvalet utarbeidd årsmelding 2015 og årsplan for 2017.

Medlemmar av kontrollutvalet ser det som viktig å vera representert på møter/fagkonferansar for kontrollutval, og har delteke både på sentral konferanse på Gardermoen samt lokal konferanse på Sandnes i 2016.

Konklusjon

Sett opp mot kontrollutvalet sin årsplan for 2016 er måla i det alt vesentlegaste nådd.

Organisering

Medlemmer i kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

Ola Ingvaldstad, leiar
Kari Skaar, nestleiar
Svein Carlos Nilsen Gjil

Varamedlemmer:

Oddvar Skiftun
Geir Morten Sandanger
Anne Tove Ingvaldstad

Administrasjon mv.

Kontrollutvalet har eigen administrasjon for at utvalet skal vera uavhengig av den kommunale administrasjonen. Hjelmeland kommune har vedteke å ha Rogaland Kontrollutvalgssekretariat som administrasjon for kontrollutvalet i Hjelmeland. Sekretariatet har 3 tilsette, der ein av desse arbeider spesielt mot kontrollutvalet i Hjelmeland. Kontrollutvalet sin administrasjon har ansvar for at utvalets saker er tilstrekkelig utgreidd og at vedtak blir følgt opp.

Hjelmeland kommune kjøper sine revisjonstenester frå Rogaland Revisjon IKS. Revisor har møte og talerett på kontrollutvalets møter, og har vore til stades på alle møta.

Ordførar har òg møte- og talerett på kontrollutvalets møter, og har vore til stades på eitt møte i 2016.

Hjelmeland, 3. mars 2016

Ola Ingvaldstad, leiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur